

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>		
<b>Møtested:</b>	Quality Hotel Panorama, Heimdal	
<b>Dato/tid:</b>	6. november 2018 kl 10.30 – kl 17.00	<b>Protokoll: 02/18</b>
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b>	Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Bård Tore Berntsen og Sverre Tyldum.	
<b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>	Kari Anne Sklett, Sigmund Johansen, Paul Woxeng Sollid, Johan Petter Bergin, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Tone Sklett, Sverre Tyldum, Tormod A. Bergum, Marit Hoff, Konrad Moum, Geir Brede, Jan Petter Jermstad, Signe L. Nordmeland, Andreas Elnan, Line Torill Fjellheim, Ole Edvard Silderen, Jostein Omli, Anders Røflo, Jørgen Baumfelder, Mette Karlgård, Audun Morken, Ragnar Valstad, Håkon Fiskvik, Ingrun Sivertsen, Åge Grenne, Geir Håvard Valstad, Fridtjov Skjerve, Toril Ofstad Selboe, Halvor Braa, Rune Sunnset, Even Landrø, Sissel Enodd, Per Hindseth, Bård Tore Berntsen, Erik Kalstad, Lars Oddbjørn Størset, Inger-Lise Kvikne, Egil Berdal, Torbjørn Flenstad, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Morten Stefan Berg, Jørgen Rønning, Kari Årvåg Goa, John E. Fiske, John Helde, Tomas Øverås, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Lars Konrad Bolli, Jorunn Karin Kvernen og Jan Edvin Hoem.	
<b>Valgkomité Midt-Norge:</b>	Halvor Braa, Reidun Stølen, Kåre Aakre og Steinar Lium.	
<b>Andre:</b>	Per Magnus Borten Moe (årsmøteutsending), Astrid Helen Gunnesmo (årsmøteutsending) og Bente Bjerkeset Solenes (sentral valgkomité).	
<b>Forfall:</b>	Jens Hartman, Sigbjørg Ulriksen (vara Paul Woxeng Sollid møtte), Geir Joar Werstad (Johan Petter Bergin møtte), Tore Rennan (vara Andreas Elnan møtte), Marit Emelie Holmsberg, Ivar Wang, Tore Moksnes, Jonas Rekkebo, Odd Erik Rødde, Geir Arve Krogstad, Torleif Slåen (vara Rune Sunnset møtte), Eilif Peder Folstad, Frode Lund, Ole Wegard Iversen, Stein Heggset, Trine Reinfjell Engdal og Jorunn Gunnerød (RU valgkomité).	
<b>Konsernstyret:</b>	Johan Narum og Olav Håkon Ulfsnes	
<b>Administrasjonen:</b>	Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Silje Laugsand Pynnten, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Brit Våga, Bernt Kr Snapa og Brit Kari Eidseflot Hauger	
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
<b>1</b>	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Lars Morten Rosmo ønsket velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>John Helde og Mette Karlgård vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteiar.</b></p>
<b>2</b>	<p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Lars Morten innleidde med at vi visste det vart eit krevande år. Vidare om utfordrande avlingsår, og unik dugnad i samvirke. Uttalen frå kretsmøta vedk tiltak for grossistdistribusjonen var eit</p>

	<p>viktig vedtak for Nortura. Markedsadgang. Marknadsendring for kjøt. Reell konkurranse frå import. Korleis vi riggar næringsmiddelindustrien vår. Utgreiing skjering ved Nortura Steinkjer. Forslag til uttale frå RU-møtet vart lagt fram, til drøfting under sak 4.</p> <p>Avslutningsvis vart Åfjord/Roan kåra til det mest aktive kretsutvalet i 2018.</p>
<p><b>3</b></p>	<p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Johan Narum orienterte om trender i Nortura og bransjen på overordna nivå, resultat 2. tertial 2018, resultat hittil i år, kostnadsutvikling Nortura, sentrale balansepostar og gjeldsbetjingsevne, og utvikling datterselskap. Vidare om salsutvikling i tonn for Nortura, indeks pr kunde mot fjoråret, marknadsandelsutvikling for merkevarene og utvikling bruttoforteneste 2008 – 2018. Lønsemnd slakteri- og kjøtsektoren 2013 – 2017. Forbettingsprogrammet: Kva er gjort og kva skal gjerast. Konsernstrategi 2018 – 2020. Nortura si samfunnsrolle. Bærekraft. Distribusjon, med vedtak i årsmøtet vedk grossistdistribusjonen. Nortura reforhandlar avtalar og optimaliserer si verdikjede for å oppnå berekraftig distribusjon. Utgreiing av skjering ved Nortura Steinkjer med prosjektet sitt mandat</p> <p>Olav Håkon Ulfsnes orienterte om totalmarknaden, med kjøtforbruket som er stabilt fallande. Grisen er inne i ein alvorleg overproduksjon. Prognose 2019 pr oktober. Mange usikkerheitsfaktorar for storfe. Reguleringstiltak gris. Mot balanse på lam. Spørsmål om egg er på veg inn i overproduksjon. Produksjon og sal av kylling og kalkun. Langtidsprognoser: Svært lite rom for auke av ammeku, purketalet må ned og ikkje rom for auke av sau/lam.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Kåre Aakre, Sigmund Johansen, Marit Hoff, Morten Stefan Berg, Jan Petter Jermstad, Lars Oddbjørn Størset, Mette Karlgård, Jostein Omli, Per Hindseth, Even Landrø, Finn Roger Trodal, Kari-Anne Grandaunet Jensen og Geir Brede.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har vore dårleg forhold til Coop over lenger tid. Kva er årsaka til at det skal snu no?</li> <li>• På Kolvereid har vi Coop Ekstra og Rema. Ingen av dei har kystbacon. Nortura kan ikkje levere. Når vi då har lageroppbygging av gris, kva skjer?</li> <li>• Rema i sommar hadde godt utval av svinekjøt, men ikkje av lam. Overproduksjon: Kvifor må det tilsetjast vatn i kjøtdeig og andre produkt? Ville også tatt ned volumet.</li> <li>• Er kjedene rette kanalar for sal av produkta våre i framtida? Vert det sett på andre kanalar?</li> <li>• I England vert sau halalslakta, og har god avsetning til nye landsmenn. Vert det halalslakta sau i Norge?</li> <li>• Overgang til SAP midt i haustsesongen har vore utfordrande, med feil på avrekningar.</li> <li>• Nytt IT-systemet har ikkje fungert, skyving, slakteweb som ikkje funkar, oppgjer som ikkje kjem.</li> <li>• Eingongseffektar vert som vanleg skulda på – synest det vert skulda på kvart år. Trenden for Gilde-produkta har vore nedgang siste åra, men vert like fullt hevda at vi framleis skal kjempe for å snu. Økonomien i å flytte skjeringa på Steinkjer må vurderast. IKT-plattformen: Har ikkje tillit når det vert sagt at det vert kostbart med utsetjing. Det har ein kostnad for eigarane også, i tillegg til sinne og frustrasjon, som fører til reduksjon i tilførsalar.</li> <li>• Kva er kostnaden med utfordringane som no har oppstått med innføringa av SAP på Malvik?</li> <li>• Er det moglegheiter for auka sal gjennom PROFF? Provisjonsløn til dei ansatte? Har vore auke i lønnskostnader i 2017, kva ligg i det? Er auke også pga sluttpakkar i 2018.</li> <li>• Butikkane får ikkje varer er gjennomgangstema. Matkroken-butikken på Averøya får ikkje bacon. Distribusjon er snakka om på møte etter møte. Kvifor kan vi ikkje ta over distribusjonen sjølv? Når skal vi kome på eit møte det eigarane får fortienesta? Er ein skam med dårlege avtalar.</li> <li>• Medlemsbutikkar skulle vore brukt meir. Kanskje i samarbeid med TINE?</li> <li>• Fårefrikassé: Korleis går det med salet av den? Vert den tatt inn i noka kjede? Halal: I</li> </ul>

	<p>sosiale media må det til meir folkeopplysning om kva halalslaktning inneber. Bønder vil ikkje levere sauer til Nortura pga av at det der vert halalslakta.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mykje vi er misnøgde med. Viktig at vi som er tillitsvalde klarer å vere positive mot næringa. Skal Nortura fungere må vi snakke positivt om Nortura, frustrasjonen må ut her i RU-møtet. Korleis jobbast det med innovasjon, marknad og sal? Har ein kamerat som lagar kjøtbollar av sau, og sel godt. Har vi system for at innovasjonsavdelinga kan vere tettare på eigarane, med idéar?</li> </ul> <p>Johan og Olav Håkon kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p>
<p><b>4</b></p>	<p><b>Utgreiing skjering ved Nortura Steinkjer</b></p> <p>Lars Morten orienterte om Arbeidsutvalet sitt arbeid. Målet er at alle skjereanlegga på gris skal vurderast.</p> <p>Fylgjande forslag til uttale vart lagt fram:  Regionutvalsmøtet for Midt-Norge meiner det er viktig og rett at Nortura fortløpande vurderer effektiviteten i industrien. Men det må gjerast heilheitlege vurderingar, og RU Midt ber difor om at det vert gjort ei samla vurdering av kapasitetsutnyttinga av skjeringa i Nortura, og ikkje berre av skjeringa ved Nortura Steinkjer åleine. Styret må også til ei kvar tid vurdere korleis vi skal fylle dei landbrukspolitiske oppgåvene Nortura har.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: John Helde</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer at uttalen vert utsett til Open post.</li> </ul> <p>Lars Morten utsette vedtak om uttale til Open post.</p>
<p><b>5</b></p>	<p><b>Høyringssak: Kva type rådgjeving treng Norturabonden?</b></p> <p>Ei oppsummering av innspela til høyringssaka var utsendt til RU i forkant av møtet, og Brit Kari tok ein kort gjennomgang. Eit forslag til uttale frå RU-møtet vart lagt fram:</p> <p>Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inkludert i denne tjenesta må være mottak og rekruttering av nye brukere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulike fagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert.</p> <p>Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Morten Stefan Berg, Marit Hoff, Erik Kalstad og Per Hindseth.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne spart mye tid på å legge fram konkrete tiltak med økonomiske konsekvenser.</li> <li>• Unødvendig å drive med same rådgiving som TINE og Fellekjøpet</li> <li>• NLR, nøytral part, bør drive rådgiving.</li> <li>• Første avsnitt litt vidt.</li> </ul> <p>Lars Morten kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Innspela frå kretsutvala oversendast styret, saman med fylgjande uttale:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inkludert i denne</b></li> </ul>

	<p><b>tjenesta må være mottak og rekruttering av nye brukere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulike fagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.</b></li> </ul>
<p><b>6</b></p>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Bernt Snapa orienterte om overordna marknadsbilete på kylling, konseptproduksjon for Norsk Kylling «krymper», produksjon 2019 på kylling og kalkun, produksjonskapasitet og endringar for slaktekylling 2016 – 2019, og fokusert resultatområde for kvitt kjøt.</p> <p>Brit Våga orienterte om status omstilling frå miljøinnredning til frittgåande produksjon og fordeling pr pakkeri på produksjonane etter omstilling. Status eggproduksjon i region Midt pr no. Nortura eggkontroll. Lager av ferdigvarer og råvare. Marknadsbalanse 2019. Sal av eggprodukt og sal til PROFF og daglegvare har god fart.</p> <p>Roy Albertsen orienterte om aktivitetsplan 2019, der det ikkje har kome så mange innspel gjennom høyringa. Inntransport Nortura, med nytt nasjonalt inntransportprosjekt. Inntransport Midt-Norge. Relativ utvikling i kostnader 2013 – 2018. Innføringa av SAP på Nortura Malvik, med status. Marknadsandelar Midt-Norge.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Mette Karlgård, Marit Hoff, Ann Steen Dolmseth, Jostein Omli, Anders Røflo og Per Hindseth</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innføringa av SAP har ført til enorm belastning for lammeringane og endringar på inntransporten. Slakteopplysningar for indeksberekningar, m.a. frå LED sau, fungerer ikkje. Kan vi stole på at avrekning og faktura på retur er rett? Har ikkje mottatt faktura på retur av lam. Ved retur av gris vart det utfylt returskjema som skal fylgje dyra, men vart ikkje oppringt på tlf nummer som var oppført. Feil tlf nr vart oppringt, og tok fleire dagar å få returgrisen. Kvifor ikkje ringe oppført nr?</li> <li>• Kven skal vi ta kontakt med for å få retta opp feil i avrekningane? Fleire har tatt kontakt og skal verte oppringt, men ikkje høyrte noko.</li> <li>• Hårreisande tidspunkt for innføringa av SAP. Mange er fortvilte over det som skjer på Malvik, og skeptiske til det som står på avrekninga. Frykteleg mykje rot med inntransport, der dyr har stått i 3 dagar hos produsent utan mat pga utsett innkøyring. Er situasjonen likeins for dei som leverer Midt-Norge slakteri? Er dette avtalebrot mot Midt-Norge slakteri, som fører til erstatningskrav? Hårreisande at det ikkje er berekna kostnad med innføringa på Malvik.</li> <li>• Lam levert Bjerka fekk hygienetrekke for skit i ulla pga lang transport. Produsentar nektar å levere dyr til Bjerka pga dette. Burde vore gitt tilbakemeldingar til lammeringane om ting som ikkje fungerer.</li> <li>• Mykje svartmåling no. Har levert lam frå lammering i november, og har ikkje opplevd noko annleis.</li> <li>• Ein kunde ynskte lammelår av lik storleik, men det kunne ikkje Nortura levere.</li> </ul> <p>Roy, Bjørn og Silje kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>7</b></p>	<p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b></p> <p>AU-medlemene for kvart dyreslag orienterte frå fagutvala sine, og deretter vart aktuelle saker tatt opp og drøfta.</p> <p><u>Innlevert innspel frå småfegruppa:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Effektivitetstillegg sau revurderes: Ber om innspill frå adm. Hva er ønske om endring?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Toveisinfo mellom Nortura og lammeringslederne MÅ bli vesentlig bedre!</li> <li>• Hva kan du gjøre på din gard for å tilpasse deg markedssituasjonen: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ikkje bedekke lam, bedekke først ved 1½ år</li> <li>○ Beholde noen sau et år lengre</li> <li>○ Sank tidligere, slipp sau, behold lam for tidligere slakting.</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>8</b></p>	<p><b>Open post/lokale saker</b></p> <p>Lars Morten la fram fylgjande forslag til uttale vedk Nortura Steinkjer, jf sak 4: Regionutvalmøtet for Midt-Norge meiner det er viktig og rett at Nortura fortløpande vurderer effektiviteten i industrien. Men det må gjerast heilheitlege vurderingar, og RU Midt ber difor om at det vert gjort ei samla vurdering av kapasitetsutnyttinga av skjeringa i Nortura, og ikkje berre av skjeringa ved Nortura Steinkjer åleine. Styret må også til ei kvar tid vurdere korleis vi skal fylle dei landbrukspolitiske oppgåvene Nortura har.</p> <p>Lars Morten la fram fylgjande forslag til uttale frå RU-møtet: RU Midt ber styret og konsernledelsen trekke lærdom av utfordringene med igangsetting av SAP ved Nortura Malvik. Både ansatte og produsenter opplever store utfordringer med innføring av SAP ved Nortura Malvik. På denne måten kan vi unngå den frustrasjonen vi nå opplever i region Midt.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Per Hindseth, John Helde, Mette Karlgård, Tormod Bergum, Sigmund Johansen, Sverre Tyldum, Andreas Elnan, Erik Kalstad, Jan Petter Jermstad, Jørgen Baumfelder, Johan Kristian Daling, Johan Petter Bergin, Kåre Aakre, Marit Hoff, Lars Størseth, Ingrun Sivertsen og Finn Roger Trodal.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ynskjer at det vert tatt bort «fortløpande» i uttalen vedk Steinkjer.</li> <li>• Støttar at det vert gjort ei vurdering av all skjereaktivitet. Bør elles ha ei felles formeining om kva landbrukspolitiske oppgåver Nortura har.</li> <li>• Malvik vart bygd på det grunnlaget at konkurrent ikkje klarte å bygge slakteri.</li> <li>• Å flytte skjeringa frå Steinkjer kan det føre til at slaktinga vert lagt ned.</li> <li>• Dersom slaktinga av gris vert lagt ned, kan vi ikkje samtidig satse på regionale spesialitetar.</li> <li>• I det separate møtet for gris kom det fram at det bør vere eit uavhengig firma som gjer utgreiinga vedk Steinkjer.</li> <li>• Dei tilsette ved Steinkjer vert ikkje høyrd av øverste leiing.</li> <li>• Også då Hærland vart bygd var det mykje kjensler. Greitt at eksterne kan gjere ei nøytral vurdering.</li> <li>• Viktig at det er openheit om vurderingane. Om ikkje lenge må vi ha nytt svineslakteri i Trøndelag. Det er hastverk med ei strukturendring på så kort varsel, eg vil vere involvert.</li> <li>• Vi har mislykkast gong på gong, bør difor vere ei ekstern vurdering.</li> <li>• Forventar at før styret gjer vedtak, så vert det gjort ei heilheitsvurdering. Må takast grundig diskusjon før vedtak. Dersom skjeringa vert flytta, kjem ho ikkje tilbake. Kan få konsekvensar for slaktinga dersom det seinare vert gunstig med slakting og skjering på same anlegg.</li> <li>• Styret var ikkje klar over at det berre var Steinkjer som skulle utgreiast.</li> <li>• Er det ikkje mogeleg å utvide aktiviteten på Steinkjer med ny produksjon?</li> <li>• Kven bestemmer? Adm tek initiativ? Styret som bestiller utgreiing?</li> <li>• Kvar er største produksjonen av gris i landet?</li> <li>• Vi reddar ikkje Steinkjersanlegget ved å stole på styret, vi må gjere tiltak sjølve.</li> <li>• Konklusjon: Vi legg til i uttalen at vi ber om at det vert tatt stilling til om det skal gjerast ei ekstern vurdering.</li> <li>• Innspel til uttalen vedk igangsetjinga av SAP: På denne måten kan vi unngå denne frustrasjonen i andre områder.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fått brev frå betenkt eigar. Mykje av dette stammar frå Facebook. Gryande misnøye med dagens situasjon, rykter om at eigarane skal gå inn med ny kapital. Han ynskjer eige info møte i kretsen vår. Kva gjer vi med det?</li> <li>• Nortura importerer i ein overskotssituasjon, gjennom Noridane. Er det i samsvar med føremålsparagrafen? Tek dei ansatte i Noridane hensyn til føremålsparagrafen? Kvifor går Nortura ut og klager på import av Fatland, når vi importerer sjølve?</li> <li>• Vert det spart mykje på hybridlån kontra annan type finansiering?</li> <li>• Er eigenkapitalprosenten i rekneskapet oppgitt med eller utan hybridlånet?</li> </ul> <p>Lars Morten, Olav Håkon og Johan kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Regionutvalsmøtet for Midt-Norge meiner det er viktig og rett at Nortura fortløpande vurderer effektiviteten i industrien. Men det må gjerast heilheitlege vurderingar, og RU Midt ber difor om at det vert gjort ei samla vurdering av kapasitetsutnyttinga av skjeringa i Nortura, og ikkje berre av skjeringa ved Nortura Steinkjer åleine. RU Midt ber også om at det vert tatt stilling til om det skal gjerast ei ekstern vurdering. Styret må også til ei kvar tid vurdere korleis vi skal fylle dei landbrukspolitiske oppgåvene Nortura har.</b></p> <p><b>RU Midt ber styret og konsernledelsen trekke lærdom av utfordringene med igangsetting av SAP ved Nortura Malvik. Både ansatte og produsenter opplever store utfordringer med innføring av SAP ved Nortura Malvik. På denne måten kan vi unngå denne frustrasjonen i andre områder.</b></p>
7	<p><b>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</b></p> <p>Bente Bjerkeset Solenes orienterte om tillitsvalde på val i 2019. Oppfordra om innspel på kandidatar frå regionen.</p>

Lars Morten takka av Olav Håkon Ulfsnes som nestleiar i AU Midt, eit verv som han gjekk ut av etter at han vart valgt som konsernstyremedlem på årsmøtet i april.

Lars Morten Rosmo  
(sign.)

John Helde  
(sign.)

Mette Karlgård  
(sign.)